



Høyanger kommune

Eining plan og forvaltning

NVE

Saksnr. 24/1936	Dok-ID 24/14599	Arkivkode U43	Sakshandsamar SYV	Dato: 04.09.2024
--------------------	--------------------	------------------	----------------------	---------------------

Uttale uttak av grunnvatn på gnr. /bnr. 20/1 Høringsuttale saksnummer 202319382

Høyanger kommune viser til brev av 08.08.2024 angående høyring av søknad om løyve til uttak av grunnvatn på gbnr 20/1 i Førde – Høyanger kommune.

Tiltaket er planlagt i område regulert til LNF føremål i kommuneplanen sin arealdel. Ein er ikkje kjend med at det er registrert raudlista artar eller kulturminne i området.

Det er hjortevilt i området, men ein kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil påverke hjortebestand, eller anna vilt. Tiltaket er planlagt på dyrka mark, og kjem såleis ikkje i konflikt med friluftsinteresser.

Det er aktiv jordbruksdrift i området. Boreholet er planlagt i grense mot naboeigedom (gbnr. 20/2) der det er mjølkeproduksjon ku. Det er gitt tilskot til vidare utbygging på dette bruket. Det må vurderast konsekvensar for landbruksdrift med omsyn til spreiding av husdyrgjødtsel og eventuelle restriksjonar kring dette som følgje av uttak av grunnvatn.

Vassdraget er regulert og det er private vassuttak langs Førdselva. Vassuttak er blant anna knytt til mjølkeproduksjon nemnt ovanfor.

Med helsing

Synne Vefring
einingsleiar plan, prosjekt og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent dersom det ikkje er signert

Postadr.: Postboks 159 6991 Høyanger	Besøksadr.: 6993 Høyanger	Telefon: 57 71 15 00	Bankgiro: 3705 24 53640 Org.nr. 944439838	E post: postmottak@hoyanger.kommune.no www.hoyanger.kommune.no
--	------------------------------	-------------------------	---	--